

ÅRSMELDING

VELLEDALEN I. L. 2005



Sverre Gunnar Brunstad
”Årets utøver 2005”

ÅRSMELDING – HOVUDSTYRET 2005

AKTØRAR:

Atle Hole –leiar
Kristin Grebstad – sekr.
Sølvi Sæther – kass.
Anita L. Hole
Ove Skylstad

1.vara Elisabeth Urke Hjorthol
2. vara Janne Brunstad
3.vara Mette Ulvestad

Hovudstyret har siste året hatt ni styremøter, inkludert ein ”studietur” til Stordal. 1.vara, gruppeleiarar og idrettsskuleleiar har vore kalla inn til dei fleste møta. Laget har siste arbeidsåret ikkje hatt eige ungdomsstyre. Frammøte har vore variabelt – stemninga upåklageleg.

163 MEDLEMAR

Pr 31. desember 2005 hadde Velledalen IL 163 medlemar. Som ein ser av statistikken under, ein relativ klar nedgang. Laget har fått to nye æresmedlemar siste år, og har totalt sju slike, nemleg: Fridtjof Drabløs, Magnar Fet, Kaspar Fet, Karl B. Lade, Johan S Grebstad, Bjørg Frøystad Hole og Nils Terje Skylstad

	0-5	6-12	13-19	20-25	26+
2002	14	51	24	1	100 = 190
2003	17	49	26	3	98 = 193
2004	15	43	29	2	98 = 187
2005	8	41	31	0	83 = 163

SOLID ØKONOMI

Som ein vil sjå av reknskapen er økonomien i laget god. Tilskot siste år: Sykkylven Kommune kr. 3000,- som året før.

Møre & Romsdal fylke – midlar til fysisk aktivitet – kr. 5000,-(ny) Til nye trimkasser
Aktivitetsmidlar frå staten: kr 17 134,- i 2005..... (kr.19341,- i 2004).

SPONSORAR

Ingen spesielt store sponsorar i 2005, men ei rekkje mindre. Dette er slike som har sponsa arrangement som Fjellsæterrunden og Konradløpet med premiar. Vi har elles ein muntleg avtale med Holmbergs gartneri om handel til halv pris, og gratis lokal med Vellda (Konradløpet). TAKK TIL ALLE SOM HAR STØTTA LAGET I 2005!

SILD ERSTATTA KAKER



Ettersom Mattilsynet sa stopp, vart Kakeetarfestivalen i 2004 den siste i rekkja. I 2005 arrangerte vi i staden ein hyllest til silda. Dette var eit samarbeid med Sykkylven bonde-og småbrukarlag og Agora. Arrangementet vart vellukka . 170 var innom på ein torsdag. Helen Longva Fet og Liv Nordli Hole var kjøkkensjefar. Silda henta vi i Brattvåg. Tilbakemeldingane var positive.

NY KONRADREKORD

Konradløpet er så stort at her trør Styret og alle gruppene til i fellesskap. Det fjerde løpet samla imponerande 268 deltakarar. Løpet gjekk i år eitt døgn før enn normalt p.g.a. kollisjon med konfirmasjon den 1.mai. Forholda var nær optimale. Tilbakemeldingane sa at 2005-gjennomføringa av arrangementet var det beste så langt. Jarle Lade filma målgangen, noko som gjorde at vi for fyrste gong..?? hadde korrekt rekkefylgje mellom dei 100 beste



NYE ÆRESMEDLEMAR

Under grillkvelden på Brunstadsætra i juli vart Bjørg Frøystad Hole og Nils Skylstad nye æresmedlemar i V.I.L. Alle kjenner deira innsats for laget. Bjørg mest for sin jobb med idrettsskulen, men ho har òg to år som leiar i Hovudstyret. Nils er primus motor i ei heile tida godtgåande trimgruppe i tillegg til at han kvart år serverer laget gode sportslege prestasjonar. Utan tvil to verdige æresmedlemar.

SLEGGJEKAST FOR KVINNER

Ja, det var eitt av mange tilbud under aktivitetdagen (sommarridrett) på Dalemyra. Elles var det idrettsmerkeprøver, null-løp, fotball, hesteskokasting, plommesteinspytting og stafett. Ein fin kveld med utøvarar nær sagt frå 0-80 år. Vêret var ikkje det beste, men det var det knappast nokon som ensa.

REKORDOVERSKOT

Førjulsmessa har siste åra vore eit samarbeid mellom VRF og V.I.L. Denne gongen trykte vi inn det høgste talet utstillarar vi nokon gong har hatt. Sjølv om vi hadde ein liten svikt på loddbøkene i høve til tidlegare år, tok vi igjen dette på andre felt. For fyrste gong bikka nettoen over 60 000 kr, takka vere ein god jobb av maaaange medlemar.

YMSE

Elles har året gått på det jamne. Det vart arrangert VETERANTREFF i grendahuset 7.desember. Bra fram møte- 12 karar. Idrettslaget har selt lodd for Skiforbundet og vi har selt Årbøker for sogelaget – 62 stk. Vi har delteke i arrangementa i regi av ”Lag på lag” til inntekt for Velledalen Grendahus. Vi har støtta aksjonsgruppa som kjempar for utkantskulane med 3000 kroner, vi har gitt 10 000 kroner til den nye løypemaskina på fjellet. Til jul brukte vi om lag 2000 kroner til medlemspleie (blomar/julekort). Og vi har heidra jubilarar og kondolert ved gravferder.

FILOSOFI

Velledalen IL satsar bevisst på arrangement der ingen er ekskludert. Målet er å samle ungene, foreldra og besteforeldra på same arena (jmf. Romjuls marsj, Førjulsmesse, Konradløp, Kakeetarfestival, Aktivitetsdag o.s.v.). Ingen kan seie anna enn at vi har klart det bra. Slogordet ”trim og trivsel” dekkjer godt det vi driv med. Gruppene bør likevel arbeide for å stimulere den aktive idretten, og aller helst auke den. Ein auke her treng på ingen måte gå utover trim-og trivsel-arrangementa.

For styret
Atle Jomar Hole

ÅRSMELDING-FRIIDRETT 2005

MED I GRUPPA: Håkon Fedt, Odd Kåre Fet, Hans Olof Holmberg

Heilt blank for aktivitet er slett ikkje friidrettsgruppa. Men der finst utan tvil potensiale til forbetringar. Gruppa sine aktivitetar har stort sett vore i samarbeid med andre. Vi nemner:

- Fire kveldar i lag med idrettsskulen. Her fekk dei prøve seg både på hopp, løp og kast
- Samarbeid med SIL Friidrett om ein terrengløpkarusell. Eitt av løpa vart avvikla i Velledalen med bra deltaking
- Arrangert Konradløpet i samarbeid med dei andre gruppene i idrettslaget
- Friidrettsgruppa deltok òg under aktivitetsdagen som vart avvikla tidleg på hausten 2005

Deltaking:

- Håkon Fedt deltok i "Kjerringi" i Leikanger i Sogn. Ei kraftprøve der deltakarane må gjennom fire greiner, telemark, langrenn, springing og sykling.
- Håkon Fedt vann klassa si - og Bruløpet (over Sykkylvsbrua) totalt - hausten 2005
- Nils Terje Skylstad vann klassa si i "Saudehornet opp" i Ørsta
- Mange V.I.L-medlemar gjorde det skarpt i Konradløpet, vi nemner: Nils Skylstad nr.3 (17.24), Bastian Skogvold nr.9 (19.41), Håkon Fedt nr.11 (19.55), Ragnhild Fjærestad nr.12 (20.06), Kenneth Fet nr.13 (20.16), Per Gunnar Holmberg nr.19 (21.03), Petter Velle nr.25 (21.49) og Bastian Weiberg Aurdal nr.27 (22.23)
- Sverre Gunnar Brunstad har gjort det skarpt i lange løp. Mellom anna har han fullført fire maratonløp i 2005. Bestetida i 2005 sette han i Amsterdam med 2.49.02. Linnast var han i Drammen, der tida vart 2.56.54.
- Tre jenter frå Velledalen/Straumgjerde kvalifiserte seg til finalen i skulecupen i friidrett hausten 2005. Det var Erika Weiberg Aurdal (sprint), Berit Brunstad Emdal (lengde) og Hilde Riksheim Tandstad (lengde). Finalen går i Molde i mai 2006. Som ei direkte fylgje av dette er det no sett i gang friidrettstrening kvar måndag i Storhallen med Olav Strømme som instruktør.

For friidrettsgruppa
Atle Jomar Hole

ÅRSMELDING – LANGRENN 2005

MED I GRUPPA:

Pål Rune Fet, Magne Nilsen, Svein Nakken, Svein Hjorthol,
Lars Inge Sæther. Vara: Bjørn Lade

Velledalen IL var representert i langrennsporet både i lokale renn, i kretsrenn og større turrenn i 2005-sesongen. Kenneth Fet sesongdebuterte i KM i Sunnlyven med ein fin 7.plass av 28 deltakarar. Ein må mest ti år tilbake i tid sist Velledalen IL var representert i KM med deltakarar under 15 år. Utover i sesongen viste han framgang nær sagt i kvart renn. Han deltok i Skålaerenet, i kretsrenn i Søvikdalen, i Sykkylvssprinten i Ladalen og i Fjellsæterrunden. Eit av høgdepunkta for sesongen for Kenneth var ein suveren siger i Barnas Fjellsæterrunde. Han fresa gjennom den tre kilometer lange løypa rundt Sætrevatnet på 9.34. Nestemann hadde 11.11

I dette rennet kom 34 av 78 deltakarar frå Velledalen /Straumgjerde. Flott! Men elles var deltakinga heller laber frå laget vårt. Erlend Lade Sæther og Anette Fet var vel dei einaste som prøvde seg i kretsrenn.

ARRANGEMENT:

Som vanleg hadde laget vårt ansvaret for løypa under Fjellsæterrunden, Og som vanleg var det perfekte spor. I tillegg hadde vi ansvaret for P.R, og kiosksal på grendahuset saman med SIL og rydding etterpå. Og vi samla inn gåvepremiar.

- Velledalen IL arrangerte Bygdameisterskapet med brukbar deltaking.
- Klubbmeisterskap vart avvikla paldesundag med heller svak deltaking (knappe 15) Dårleg vêr og vanskeleg føre.
- Det vart arrangert ”lysløyperenn” – distanserenn - ved Grendahuset den 24. februar. 13 deltakarar.

TRENING

Det vart prøvt med trening både på barmark og snø – dei gongane det var snø ved Grendahuset. Nokre deltok, men interessa for langrenn er diverre ikkje stor i dalen for tida. Då idrettsskulen skulle ha langrenn etter påske, møtte berre 2-3 stk fram. Med tanke på at det var kring 40 registrerte deltakarar i idrettsskulen fortel det det meste.

Hausten 2005 vart det difor inga organisert trening. Dessutan har langrennsgruppa hatt visse ”bemanningsproblem”. Gruppa håper på betre tider for idretten som gjennom dei siste 100 åra oftast har sett Velledalen Idrottslag på kartet.

Nakken & Co

Svein Arne Nakken har stort sett vore åleine om å representere laget på seniornivå, og det har han gjort godt. Han gjekk truleg sitt beste renn ”ever”, då han fekk sjette beste tida totalt under Fjellsæterrunden (nr. 2 i klasse 35-39 år). Vidare gjorde han ein fin figur under turrennet ”Heiåna”, Holmenkollmarsjen og ikkje minst Birkebeinaren der han greidde

Årsmelding Velledalen I.L. 2005

merkekravet for niande gong. Vi kryssar fingrar og tær for at han tek sitt tiande i jubileumsåret.

PS. Sjølv om det høyrer til i 2006 nemner vi det likevel. Laurdag 28 januar (på Svein Arne Nakken sin 40 års dag) fekk V.I.L den beste 100 års presangen vi kunne få. Då vart Kenneth Fet KM-vinnar i klasse 14 år med tida 9.55 på 3,2 kilometer. Fem sekund før nummer to, ein strandar med mor frå Straumgjerde. Og det hende 30 år etter faren, Pål Rune, vart KM-vinnar i same klasse. Men der er ein viktig skilnad. I Pål si tid var Sunnmøre eigen skikrets, no er det fylkesskikrets. Dermed heng Kenneth sin prestasjon høgast, og vi applauderer for Kenneth: Best av 24 fjortenåringar i Møre og Romsdal fylke i langrenn klassisk stil i 2006. HURRA!! Og det i sitt fyrste renn for sesongen.

For langrennsgruppa
Atle Jomar Hole

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.